



# TRONDHEIM KOMMUNE

TEKNISK AVDELING  
GEOTEKNISK SEKSJON  
VALØYA

7000 TRONDHEIM  
TLF. (075) 37 130

**NB!**  
NYTT TLF.NR.  
(07) 93 71 30

Trondheim kommune  
Bygge- og eiendomskontoret  
v/overing. A. Sandberg  
Holtermannsv. 1

7000 TRONDHEIM

DERES REF.

VÅR REF.

TRONDHEIM,

R 611-3/ER/LR

11.11.83

## HEIMDALSBYEN. SUPPLERANDE BORINGAR I SØNDRE BOLIGKVADRANT

Etter oppdrag frå overing. Asbjørn Sandberg har vi gjort supplerande torvdjupnemålingar i Søndre boligkvadrant på Heimdalsbyen.

Markarbeidet vart utført i veke 42 og 43 under leing av boreformann Jakob Vårum. Det vart i alt utført ca 300 boringar med torvprøvetakar. Plasseringa av borpunktta og resultat frå boringane er vist på situasjonskartet i bilag 1 der også resultatata frå dei tidligare undersøkingane er påført.

Dei fleste boringane er denne gongen gjort i den nye tra-  
céen for Ivar Skjånes veg. Torvlaget er her målt i sen-  
terlina for vegen og 10 m ut til kvar side.  
Aust for akse G er det tidligare boregrunlaget supplert  
i området nord for vegen.

## VURDERING

I hovudsak stadfestar denne undersøkinga resultatata frå tidligare boringar. Dei største avvika finn ein i vestre del av Ivar Skjånes veg. I 1974 vart torvdjupna her målt til maksimum 4,1 m. I dette området har dreneringa virka effektivt slik at torvlaget no er ca 3 m tjukt. Elles er det berre mindre forandringar frå rapport R 611-2.

Vi står fortsatt til tjeneste i det vidare arbeidet med saka.

Med helsing

*Leif F. Finborud*  
Leif F. Finborud

*Erling Romstad*  
Erling Romstad



<b>HEIMDALSBYEN</b>		MALESTOKK
<b>Søndre boligkvadrant</b>		
02 TORVDUPNER		
< 1 m		
1-2 m		
2-3 m		
3-4 m		
<b>TRONDHEIM KOMMUNE</b>		
GEOTEKNISK SEKSJON		
PROJ. NR.:	6111-3	
BILAG:	1	

1:1000  
 TEKN. AV: E. R. K.T.  
 DATO: 1.11.83  
 KONTR.: